



## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

### Økonomirapport november 2020

#### Samandrag:

Økonomirapportering for november vert lagt fram til kommunestyret då det er behov for å gjere budsjettendringar både på drift og investering. Endringane på drift er knytt til korona.

Ingen av sektorane melder om meirforbruk i 2020 og tala etter november stemmer med dette. Her er framleis usikre moment som gjer at vi ikkje vil vurdere eit eventuelt mindreforbruk no. Etter ny kommunelov så skal eit mindreforbruk i drift automatisk setjast av til disposisjonsfondet.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

1. Kommunestyret godkjenner økonomirapporten for november 2020 og godkjenner følgjande endringar slik det går fram av tabell under vurderingar i saksframlegget
2. Kommunestyret gir administrasjonen mynde til å hente ut midlar frå disposisjonsfondet for å dekke eventuelle meirkostnadar knytt til koronapandemien for desember månad.

## Saksopplysningar:

### Volda kommune - november år 2020

Tall i kroner	Rekneskap november 2020	Budsjett november 2020	Avvik i kr november 2020	Årsbudsjett År 2020	Endring november	Nytt Årsbudsjett
<b>Generelle driftsinntekter</b>						
Rammetilskudd	-376 555 934	-372 314 455	4 241 479	-383 761 019	0	-383 761 019
Inntekts- og formuesskatt	-251 202 120	-254 708 825	-3 506 705	-255 500 000	0	-255 500 000
Eiendomsskatt	-20 190 193	-20 400 000	-209 807	-20 400 000		-20 400 000
Andre generelle driftsinntekter	-29 048 988	-41 715 882	-12 666 894	-43 753 008		-43 753 008
<b>Sum generelle driftsinntekter</b>	<b>-676 997 235</b>	<b>-689 139 162</b>	<b>-12 141 927</b>	<b>-703 414 027</b>	<b>0</b>	<b>-703 414 027</b>
<b>Netto driftsutgifter</b>						
<b>Sum bevilgninger drift, netto</b>	<b>595 666 397</b>	<b>640 803 406</b>	<b>45 137 009</b>	<b>659 301 594</b>	<b>759 000</b>	<b>660 060 594</b>
Avskrivninger	0	0		52 879 138		52 879 138
<b>Sum netto driftsutgifter</b>	<b>595 666 397</b>	<b>640 803 406</b>	<b>45 137 009</b>	<b>712 180 732</b>	<b>759 000</b>	<b>712 939 732</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-81 330 838</b>	<b>-48 335 756</b>	<b>32 995 082</b>	<b>8 766 705</b>	<b>759 000</b>	<b>9 525 705</b>
<b>Finansinntekter/Finansutgifter</b>						
Renteinntekter	-2 502 456	-1 811 025	691 431	-5 676 209		-5 676 209
Utbytter	-6 698 560	-6 700 000	-1 440	-6 700 000		-6 700 000
Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	-2 762 514	-2 197 800	564 714	-4 300 000		-4 300 000
Renteutgifter	17 096 705	21 526 981	4 430 276	30 210 613		30 210 613
Avdrag på lån	45 787 572	46 247 693	460 121	46 327 572	0	46 327 572
<b>Netto finansutgifter</b>	<b>50 920 747</b>	<b>57 065 849</b>	<b>6 145 102</b>	<b>59 861 976</b>	<b>0</b>	<b>59 861 976</b>
Motpost avskrivninger	0	0		-52 879 138	0	-52 879 138
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-30 410 091</b>	<b>8 730 093</b>	<b>39 140 184</b>	<b>15 749 543</b>	<b>759 000</b>	<b>16 508 543</b>
<b>Disponering eller dekning av netto driftsresultat</b>						
Overføring til investering	0	1 700 000	1 700 000	1 700 000	2 152 780	3 852 780
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	884 770	-2 134 793	-3 019 563	-4 144 156		-4 144 156
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond		0		-13 305 387	-2 911 780	-16 217 167
Dekning av tidligere års merforbruk					0	0
<b>Sum disponeringer eller dekning av netto</b>	<b>884 770</b>	<b>-434 793</b>	<b>-1 319 563</b>	<b>-15 749 543</b>	<b>-759 000</b>	<b>-16 508 543</b>

### Frie inntekter

Frie inntekter	Rekneskap november 2020	Utestående Inntektsutjamning	Budsjett november 2020	Avvik i kr november 2020
Rammetilskudd	-376 555 934	-1 321 000	-372 314 455	5 562 479
Inntekts- og formuesskatt	-251 202 120		-255 500 000	-4 297 880
	<b>-627 758 054</b>	<b>-1 321 000</b>	<b>-627 814 455</b>	<b>1 264 599</b>

Som det går fram av modellen ligg vi etter november 1,2 mill kroner over budsjett. Skatt for november er ikkje endeleg avrekna og her kan kome endringar. Vi reknar med at dette er klart før politisk handsaming slik at vi kan informere om eit eventuelt avvik i møtet.

### Generelle statstilskot

Avviket kjem av etterslep i tilskot knytt til flyktning. Der er ingen endringar frå prognoser i 2. tertialrapport.

### Finansinntekter og – utgifter

Heller ikkje på finansinntekter og utgifter er der endringar frå 2. tertial pr i dag. Avkastningsrapportar for november kjem i løpet av dei ti neste dagane og vi vil også her legge fram informasjon direkte i dei politiske møta om her kjem justeringar.

### Disposisjonsfondet

I opprinneleg budsjett for 2020 låg eit forventning om bruk av disposisjonsfondet på 7,6 mill kroner. I løpet av året er det gjort endringar slik at talet no (etter vedtak i denne saka) er auka til 12,2 mill kroner:

<b>DISPOSISJONSFONDET ÅR 2020</b>	
<b>Saldo 01.01</b>	<b>58 776 129</b>
Budsjettert bruk opprinneleg budsjett	-7 621 458
Mindreforbruk 2019	4 492 563
Vedtak Fsk koronapandemi	-2 000 000
Vedtak kst, Voldsfjordkryssing	-2 300 000
Vedtak kst, 1. tertial	-17 973 297
Vedtak kst, Intensivordning Studentar	-2 500 000
Vedtak kst 24.09 Forskottering spelmidlar VTI Fotball	-617 000
Vedtak 2. tertial	19 706 368
Vedtak kst, Voldsfjordkryssing	-500 000
Vedtak økonomirapport november	-2 911 780
ÅRSRESULTAT 2020	
<b>Saldo etter vedtak 2. tertial</b>	<b>46 551 525</b>

I tilrådinga no ligg ei auke i bruk av fondet på 2,9 mill kroner. 2,150 mill kroner er knytt til eigenkapitaltilskot KLP. Kostnaden er investering og kan ikkje finansierast med lån. Vi rår difor til at investeringa vert finansiert med overføring av driftsmidlar (disposisjonsfond).

Resterande midlar er knytt til utgifter korona. I andre tertial vart det gjort ei avsetjing på restmidlar av redusert arbeidsgjevaravgift på 4,5 mill kroner med merknad om at midlar måtte hentast ut i takt med forbruk i sektorane.

I og med at her også vil kome kostnadar i desember månad ligg der i tilrådinga at administrasjonen får mynde til å hente ut midlar knytt til korona frå disposisjonsfondet før rekneskapen vert lagt fram.

### Sektorane

Tabellen under viser status økonomi i kvar sektor etter november:

<b>§ 5-4. Bevilgningsoversikt drift, Volda kommune - november 2020</b>						
Tall i kroner	Rekneskap november 2020	Budsjett november 2020	Avvik i kr november 2020	Endring november	ÅrsBudsjett År 2020	Nytt årsbudsjett 2020
Inntekt	- 10 720 021	- 9 923 617	796 404		- 10 053 950	- 10 053 950
Utgift	40 066 473	42 537 414	2 470 941	99 000	48 421 061	48 520 061
<b>Rådmanns stab</b>	<b>29 346 452</b>	<b>32 613 797</b>	<b>3 267 345</b>	<b>99 000</b>	<b>38 367 111</b>	<b>38 466 111</b>
Inntekt	- 844 439	- 647 007	197 432		- 1 143 007	- 1 143 007
Utgift	12 780 909	13 683 617	902 708	-	14 637 041	14 637 041
<b>Personal</b>	<b>11 936 470</b>	<b>13 036 610</b>	<b>1 100 140</b>	<b>-</b>	<b>13 494 034</b>	<b>13 494 034</b>
Inntekt	- 14 113 791	- 10 709 519	3 404 272		- 10 867 852	- 10 867 852
Utgift	27 858 843	20 194 693	- 7 664 150		- 5 107 217	- 5 107 217
<b>Økonomi</b>	<b>13 745 052</b>	<b>9 485 174</b>	<b>- 4 259 878</b>	<b>-</b>	<b>- 15 975 069</b>	<b>- 15 975 069</b>
Inntekt	- 134 665 259	- 121 743 883	12 921 376		- 129 207 200	- 129 207 200
Utgift	375 923 829	387 042 415	11 118 586	452 000	419 796 227	420 248 227
<b>Oppvekst</b>	<b>241 258 570</b>	<b>265 298 532</b>	<b>24 039 962</b>	<b>452 000</b>	<b>290 589 027</b>	<b>291 041 027</b>
Inntekt	- 65 963 703	- 58 943 935	7 019 768		- 59 738 055	- 59 738 055
Utgift	93 245 238	103 711 405	10 466 167	208 000	118 423 186	118 631 186
<b>Samfunnsutvikling</b>	<b>27 281 535</b>	<b>44 767 470</b>	<b>17 485 935</b>	<b>208 000</b>	<b>58 685 131</b>	<b>58 893 131</b>
Inntekt	- 58 448 941	- 60 027 842	- 1 578 901	- 1 226 000	- 90 643 441	- 91 869 441
Utgift	330 547 259	335 629 666	5 082 407	1 226 000	364 784 801	366 010 801
<b>Helse og omsorg</b>	<b>272 098 318</b>	<b>275 601 824</b>	<b>3 503 506</b>	<b>-</b>	<b>274 141 360</b>	<b>274 141 360</b>

Alle endingar som det vert korrigerert for er knytt til kostnadar eller inntekter knytt til koronapandemien.

Som det går fram av tabellen er der mindreforbruk i alle sektorar. Unntaket er under økonomi der avviket kjem av periodisering på pensjon.

Deler av avvika i dei andre sektorane kjem også av periodiseringar og at november ikkje er heilt avslutta. Her er faktura i omløp og på veg inn til kommunen som truleg ikkje vert bokført før midt i månaden.

Vi vel å ikkje gjer budsjettmessige korrigeringa på det vi no antyder som rekneskapsresultat for år 2020. Dette fordi vi framleis har nokre usikre faktorar som kan påverke resultatet i kvar sektor.

Ny kommunelov gjer at eit eventuelt mindreforbruk skal setjast av til disposisjonsfond etter at alle strykningar er gjort. I dette ligg at vi heller ikkje skal overføre til investering om vi har mindreforbruk.

### **Administrasjonsstaben**

Store delar av avviket kjem av at ikkje alle festeavgifter er utbetalt og heller ikkje tilskot til Volda Campus Sparebank 1 Arena som ligg inne med husleige for eit halvt år.

Tilskot til museum i kommunen ligg under kulturavdelinga som er ein del av administrasjonsstaben. I budsjettet er der sett av 0,7 mill kroner i tilskot. Tilskota er ikkje utbetalt og vi er i forhandling med Sunnmøre museum om kor mykje vi skal betale. Dersom dette ikkje vert avklart før vi legg fram rekneskapen vil vi sette av dette som ei fordring slik at kostnaden vert synleggjort i rekneskapen.

*Prognose avvik ved årsslutt for sektoren er mindreforbruk på om lag 1,5 mill kroner*

### **Personal**

Sektoren ligg med eit mindreforbruk etter november, men her er eit oppgjer knytt til lærlingordninga som kjem på slutten av året.

*Prognose avvik ved årsslutt mindreforbruk på 0,3 mill kroner*

### **Økonomi**

Under økonomi ligg årets premieavvik og amortisering. Årsbudsjettet baserer seg på prognoser frå KLP og SpK. Om prognosane her ikkje har avvik vil sektoren som følge av mindre aktivitet og flytting av skatteoppkrevjar frå 01.11 kome ut med eit lite mindreforbruk.

*Prognose avvik ved årsslutt mindreforbruk på 0,2 mill kroner*

### **Oppvekst**

Oppvekst har eit stor mindreforbruk etter november på heile 24 mill kroner.

Justert for det vi ser som avvik periodisering og tilskotsmidlar som skal setjast av til neste år er der likevel eit mindreforbruk på om lag 2-3 mill kroner.

Mellom anna ser vi dette både på Volda læringssenter, skulane og sfo og helsestasjon. Dette er også tiltak meldt inn til budsjett 2021.

*Prognose avvik ved årsslutt mindreforbruk på 2,0 mill kroner*

### **Samfunnsutvikling**

Sektoren har fått tildelt ekstramidlar til vedlikehald gjennom korona tilskot. Dette er midlar som skal setjast av inn til år 2021 om midlane ikkje er brukt opp. I budsjettet er desse midlane lagt til desember og påverkar difor ikkje mindreforbruket i november.

Mindreforbruket justert for sjølvkostområde er 8 mill kroner. Det er avdelingane eigedom og veg/park som har mindreforbruk. Faktorar som fort kan påverke dette før årsslutt er mellom anna mengda på snøfall og behov for snømåking. Erfaring viser at her fort kan kome store kostnader i desember månad.

Vi ser også av rapporten at der er eit mindreforbruk på vedlikehald. Her er det nokre kostnadar som også kjem i desember, men truleg vil ein i 2020 kome ut med eit mindreforbruk.

*Prognose avvik ved årsslutt mindreforbruk på 1- 3 mill kroner alt etter mengd snøfall og behov for vintervedlikehald på vegar.*

### **Helse og omsorg**

Sektoren ligg med eit mindreforbruk etter november på 2,5 mill kroner. Store delar av dette er nok knytt til etterslep på faktura og kjøp av varer og tenester. Det er likevel positivt at lønnskostandar på alle avdelingar ligg i balanse. I tillegg er her refusjonskrav knytt til legevakt som heller ikkje har kome inn i rekneskapen.

Ein usikker faktor i sektoren er tilskotet til ressurskrevjande tenester samt kostnadar knytt til korona i desember månad.

Tilskot knytt til ressurskrevjande tenester ligg i budsjettet med 25 mill kroner.

Om vi får dette tilskotet og sektoren vil få dekkja sine kostnadar knytt til korona meiner vi at sektoren vil gå i balanse i år 2020.

### **Arbeidsrettssak om arbeidstid**

Resultat av sak knytt til kontoransatte si arbeidstid er no klar. Dommen er klar på at KS og kommunane ikkje kan fastsette dårlegare arbeidsvilkår etter kommunesamanslåing.

Dette betyr at vi må etterbetale lønn til dei tilsette dette gjeld i Volda kommune. Samla kostnad er ikkje klar enda og vil kome som ein kostnad på dei sektorane dette gjeld.

### **Vurdering og konklusjon:**

Saka vert lagt fram med tilråding om at sektorane får dekkja kostnadar dei har hatt hittil i år knytt til koronapandemien. Det vert ikkje gjort justeringar i forhold til årsresultat. Prognoser vurdert av økonomisjef etter november viser at vi kan kome ut med eit mindreforbruk samla på ein stad mellom 4 – 7 mill kroner. Dette er gitt at prognoser på ressurskrevjande brukarar og premieavvik stemmer med budsjett.

Eit mindre forbruk skal etter pålagde strykingar i ny kommunelov setjast av til disposisjonsfond. Tilsvarande skal eit meirforbruk finansierast ved bruk av disposisjonsfond. Dette skal gjerast før rekneskapen vert lagt fram for politisk godkjenning.

Utviklinga syner at det har vore god økonomistyring i administrasjonen, og kommunestyret har vist ansvarleg forvaltning av økonomien i tråd med kommunelova. Dette er viktig med omsyn til dei utfordringane som ligg framfor oss. God økonomistyring styrkar kommunen sitt økonomiske handlingsrom. Ut frå det ein ser i dag, kan det sjå ut som at ein kan gjere opp 2020 med eit mindreforbruk, men likevel slik at vi vil bruke av oppsparte midlar (disposisjonsfondet) for å balansere året.

Budsjettendringar som ligg i tilrådinga er:

	Endring inntekt	Endring utgift
Overføring frå drift til investering - Eigenkapitaltilskot KLP		2 152 780
Auka rammer knytt til korona:		
Administrasjon		99 000
Oppvekst		452 000
Samfunnsutvikling		208 000
Helse og omsorg	-1 226 000	1 226 000
Bruk av disposisjonsfond	-2 911 780	
<b>Sum endring</b>	<b>-4 137 780</b>	<b>4 137 780</b>

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen  
 Konsekvensar for folkehelsa: Ingen  
 Miljøkonsekvensar: Ingen  
 Økonomiske konsekvensar: sjå over  
 Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen  
 Konsekvensar for barn og unge: Ingen

Har [eldreråd, råd for personar med funksjonsnedsetting og ungdomsråd](#) fått saka til uttale?

Nei

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Rune Sjurgard  
kommunedirektør